



Sogndal kommune

## **Sogndal si rolle som regionsenter – oppsummering etter regionsenterkonferansen**

Regionsenterkonferansen den 19. oktober resulterte i flere innspel til vidare arbeid for å styrke Sogndal si rolle som regionsenter. Sogn regionråd har etter drøftingar i møtet 3. desember oppsummert nokre av hovudpunktata:

Sogndal kommune sin overordna planlegging må ha perspektiv som regionsenter, og bør tilretteleggja for å trekkja aktivitet til sentrum, utvikla sentralitet, attraktivitet og urbanitet, service og kultur, og skapa fellesidentitet senter og omland. For å utvikla Sogndal i dette perspektivet inneber det at:

- Sogndal sentrum tek seg av den tette busetnaden, medan omlandet tek seg av den spreidde busetnaden
- Offentlege og private tenester bør samlast i ei klynge (aksen ”Fjøra”- Fosshaugane Campus) med gangavstand mellom funksjonane i regionsenteret. Funksjonar som bør samlast i sentrum er handel, utdanning-/kompetansetilbod, innovasjon og grundermiljø, kultur og fritidsaktivitet, idrettsmiljø og evt. felles næringsselskap.
- Sogndal kommune bør tilretteleggja for pendlarane med pendlar-/langtidsparkering.

Sogndal bør ha perspektiv på det som samlar og utviklar regionsenteret. Det motsette er å spreia aktiviteten med høgt arealforbruk, fordeling av verksemder og konkurrerande sentra.

Reguleringsarbeidet i omlandskommunane vil tilretteleggja for attraktive bustader og varierte buformer, og vil ha spreidd busetnad.

Sogn regionråd tek inn følgjande nye tiltak i regionalplanen sin tiltaksdel for 2011:

- *bidra til eit felles reiselivsselskap i Sogn*
- *gje tilskot til felles reiselivsselskap i Sogn*
- *bidra til felles satsing på næringsutvikling i Sogn og styrka samarbeidet ved å delta på nettverket for næringsansvarlege i kommunane.*

Sogn regionråd sine tiltak for å betra kommunikasjon og styrka regionen som felles bus- og arbeidsmarknad vil bli vidareført i 2011, særleg vil vi vurdera kva som skal til for å få ein 45-minuttsregion. Ferjefrekvens i Balestrandsregionen og betra busstilbod for pendlarar vil bli vidareført i regionrådet sin tiltaksplan for 2011.

Med helsing

Torodd Urnes  
leiar i Sogn regionråd  
(sign)

Olav Ellingsen  
leiar i regionalplangruppa  
(sign)

Kopi til: Kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal og Vik